

FAKTA

Kort om produksjonstilskot ved søknadsomgangen i august 2016

- Søknad om produksjonstilskot kan du levere frå og med 31. juli 2016 (registreringsdatoen)
- Søknadsfristen er 20. august 2016
- Produksjonstilskot er en fellesnemning for ei rekkje tilskotsordningar som føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon kan søkje på.
- Søknadsomgangen i august omfatter dessa tilskotsordningane:
 - Arealtilskot
 - Kulturlandskapstilskot
 - Tilskot til dyr på beite
 - Tilskot til dyr på utmarksbeite
 - Arealtilskot til økologisk landbruk
 - Tilskot til husdyr
 - Tilskot til økologisk husdyrproduksjon
 - Driftstilskot til mjølkeproduksjon
 - Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Produksjonstilskot i jordbruket

Informasjon til deg som søker om produksjonstilskot i jordbruket med søknadsfrist 20. august 2016.

GJER DEG KJENT MED REGELVERKET

Søker du om produksjon- og avløysartilskot, må du kjenne dei juridiske føresegnene i dei relevante forskriftene og i jordbruksavtalen.

På vår nettside www.landbruksdirektoratet.no, under meny punktet [Produksjon og marked/Produksjonstilskudd/Aktuell søknadsomgang](#) finn du følgjande:

- Lenke til elektronisk søknadsskjema
- Rettleiingshefte til søknad om produksjonstilskot
- Jordbruksavtale 2016–2017
- Aktuelle forskrifter
- Aktuelle rundskriv

NYTT FRÅ JORDBRUKSOPPGJERET

I [rettleiingsheftet](#) om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket finn du en oppsummering av dei endringar som følgjer av Jordbruksavtale for produksjonstilskotsordningane og for tilskot til avløyning ved ferie og fritid:

- Endringar i satser og intervall.
- Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar (storfe, sau, geit og hest) er no nasjonal ordning som ein del av produksjonstilskotsordninga.
- Kyr av bevaringsverdig rase: Kyrne må ha kalva i løpet av dei siste 18 månadene for å oppfylle krava for husdyrtilskot, driftstilskot og tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar.
- Føretak med rugeeggproduksjon som på registreringsdato har opphald mellom to innsett, kan oppgi talet høner som føretaket disponerte ved førre registreringsdato.
- Storferasen Wagyu er tatt inn i lista over storferasar som blir rekna som kjøttferasar i produksjonstilskotssamanheng.

TREKK OM DU LEVERER SØKNADEN FOR SEINT ELLER OM DU ENDRAR SØKNADEN ETTER SØKNADSRISTEN

Søknadsfristen er 20. august 2016. Om du sender inn søknaden etter fristen, vil du få 1 000 kr i trekk i tilskotet for kvar dag du leverar søknaden etter fristen. Etter 20. september kan du ikkje sende inn søknad, med mindre du har fått dispensasjon frå søknadsfristen.

Føretak vil som hovudregel få trekk i tilskotet om dei oppjusterer tal på dyr eller dekar areal i perioden 20. august–20. september i ein allereie innsendt søknad. Det same gjeld om føretaket har gløymt nokre søknadsopplysningar. Slike endringar vil kunne reknast som at føretaket sender inn ei ny søknad. Ver difor nøye med at opplysningane du sender inn er korrekte, slik at du ikkje må gjere endringar etter søknadsfristen.

Etter 20. september kan forhold som søkjer har gløymt berre bli tatt omsyn til dersom søkjar har fått dispensasjon frå søknadsfristen.

BRUKARSKIFTE I MJØLKEPRODUKSJON

Dersom du planlegg brukarskifte rundt 31. juli, må du og ny brukar melde frå til meieriet i god tid før brukarskiftet skal skje. For å få produksjonstilskot for mjølkekyr må føretaket disponere mjølkekvota på registreringsdato 31. juli. Ver merksam på at mjølkekvota må vere knytt til organisasjonsnummeret til føretaket som søkjer om produksjonstilskot.

MELD TIDLIG IFRÅ TIL KOMMUNEN OM DU BLIR UTSETT FOR KLIMABETINGA AVLINGSSVIKT

Du må melde frå til kommunen så snart du forstår at du kan få eller har fått ein svikt i produksjonen på grunn av klimatiske forhold. Hensikta med meldinga er å gi kommunen moglegheit til å kontrollere avling på rot for å vurdere skadeårsaka. Kravet om å melde ifrå gjeld uavhengig av søknadsfristen for erstatning ved svikt i plante- og honningproduksjon, som er 31. oktober. Du må overhalde meldeplikta og søknadsfristen for å få behandla søknaden din.

Du kan lese meir om erstatningsordninga på våre nettsider. Du søkjer om erstatning ved å velje «søk erstatning» under Elektroniske tenester på nettsidene våre. Du må logge inn via Altinn, akkurat som ved søknad om produksjonstilskot.

HAR DU SPØRSMÅL?

Les i rettleiingsheftet om produksjonstilskot som du finn på www.landbruksdirektoratet.no under meny-punktet Produksjon og marked, eller ta kontakt med kommunen din.